

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		23.03.2022

## Tilskot til statleg sikring og grunnleggjande istandsetting av friluftsområde 2022

### Forslag til innstilling

Hovudutval for idrett, kultur og inkludering tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring og tilskot til grunnleggjande istandsetting av følgjande friluftsområde i prioritert rekkefølge:

Prioritet	Søkjær	Områdenamn	Tilrådd sum sikring	Tilrådd sum istandsetting
1	Tysnes kommune	Peralio	0	446 250
2	Friluftsrådet Vest	Hisøya	262 000	225 000
<b>Sum</b>			<b>262 000</b>	<b>671 250</b>

### Samandrag

Føremålet med statleg sikring av friluftsområde er å sikre at godt egna område blir avsett til friluftsliv og at dei slik får ei langsiktig og føreseileg forvaltning. Slik bidreg statleg sikring til at friluftslivet styrkast som ein helsefremjande fritidsaktivitet.

Innan søknadsfristen 15. januar kom det inn to søknadar om statleg sikring av friluftsområde i Vestland. Statleg sikring og grunnleggjande istandsetting av dei to områda vil bidra til at folk i Vestland får eit betre friluftslivstilbod, både lokal og i eit regionalt perspektiv.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Britt Karen Spjeld  
Seksjonsleiar

Vedlegg

- 1           søknad Hisøya
- 2           søknad Peralio

## Saksutgreiing

Vestland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og prioritere innkomne søknadar om tilskot til statleg sikring av friluftsområde og sende søknadane vidare med ei tilråding til Miljødirektoratet innan 1. april. Sikringssøknadane vert endeleg avgjort av Miljødirektoratet, som gir melding til søker om utfallet innan 1. juli. Det er inga klagerett. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får referatsak om utfallet i løpet av hausten.

For lokale friluftsområde, som primært vert nytta av brukarar frå ein kommune, kan det gis statleg tilskot på opptil 50% av sikringskostnadane. For regionale områder, der det er sannsynleg at over halvparten av brukarane kjem frå andre kommunar, kan det gis tilskot på inntil 100 prosent av sikringskostnadane. Inntil 50 prosent av kostnadene ved grunnleggjande istandsetting kan dekkast av staten.

Eit friluftsområde kan sikrast ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Vederlagsfrei omgjering inneberer at kommunen eller friluftsrådet søker om at eit allereie etablert kommunalt friluftslivsområde skal få status som statleg sikra friluftslivsområde. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Det kan søkast om støtte til grunnleggjande istandsetting samstundes med at det søker om sikring. For område som blir statleg sikra blir det mogleg å söke om midlar til skjøtsel og tilrettelegging, nokke som er ein stor fordel for kommunen eller friluftsrådet som forvaltar området.

I følge Miljødirektoratets retningslinjer for ordninga skal friluftsområde som er lette å nå for mange prioriterast høgt.

Innan årets søknadsfrist kom det inn to søknadar om statleg sikring, ein frå Friluftsrådet Vest og ein frå Tysnes kommune.

Søknaden frå Tysnes kommune gjeld ein lokal badeplass ved Våge, som er den største bygda i kommunen. Kommunen er allereie grunneigar og det søker difor om vederlagsfrei omgjering og tilskot til grunnleggande istandsetting. Det er tenkt at Bergen og Omland Friluftsråd skal få drifts- og forvaltingsansvar for området etter sikring.

Søknaden frå Friluftsrådet Vest gjeld Hisøya, som ligg i Bømlo kommune. Øya er avsett til grønstruktur i Bømlo sin kommuneplan og er allereie delvis tilrettelagt for friluftsliv. På øya er det fine turstiar og området har gode friluftlivskvaliteter og ein interessant botanikk. Sjølv om det ikkje er snakk om eit nærturområde, i den forstand at ein kan nå området til fots, er det berre 200 meter frå kaia på Rolvsnes til Hisøya. Det er dermed enkelt å nå øya med kajakk eller småbåt.

I søknaden frå Friluftsrådet Vest blei det oppgjeve at friluftsrådet vil inngå ein servituttavtale med grunneigar om leie av Hisøya i 40 år. Som vederlag for denne avtalen var det i utgangspunktet føreslått eit vederlag til grunneigar på 3 kr/m<sup>2</sup>. For heile øya utgjer ein slik sum 729 000 kr. På oppmoding frå fylkeskommunen har Friluftsrådet Vest i ettertid forhandla fram ein ny avtale med grunneigar, der vederlagssummen er sett til 1 kr/m<sup>2</sup>. Dette er slik fylkeskommunen ser det eit vederlag som står meir i forhald til den sikringsforma som det her er søker om (ein tidsavgrensa servituttavtale). Inkludert tinglysingsgebyr og andre kostnadars blir sikringssummen då på 262 000 kr. Eit alternativ kunne vore å sikre ein mindre del av øya. Friluftsrådet Vest er imidlertid av den klare oppfatning at heile øya bør sikrast. Dei står då friare til å tilrettelegge heile øya for ferdsel og friluftsliv og kan og söke om tilskot til slik tilrettelegging.

For begge områda blir det vurdert å vere eit behov for grunnleggande istandsetting for at områda skal kunne få gode brukskvalitetar. For området Peralio i Tysnes søker det om tilskot for å lage til badeplass med stupebrett, medan det på Hisøya er behov for å oppgradera eit bryggjeanlegg for å betre tilkomsten til øya.

<b>Budsjett</b>	
Miljødirektoratet 2022:	30,9 mill. kr.
Søknadsfrist 2022:	15. januar
<b>Vedtak kriteria:</b>	Miljødirektoratet gjer vedtak i saka. Rundskriv t-1/20
<b>Kriteria og informasjon:</b>	<a href="https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilstkot-til-statlege-tileigningar-bandlegging-av-friluftsomrade-kap.-1420-post-30">https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilstkot-til-statlege-tileigningar-bandlegging-av-friluftsomrade-kap.-1420-post-30</a>
<b>Søknadar 2022</b>	
Tal på søknadar:	2
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	2
Samla søknadssum:	1 400 250 kr
Tilrådd samla løyving:	933 250 kr

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Det er Miljødirektoratet som løyver tilskot til statleg sikring og grunnleggande tilrettelegging av friluftsområde. Løyving av tilskot til statleg sikring har såleis ingen økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune.

#### Klima:

Statleg sikring av friluftsområde har ingen direkte konsekvensar for klimagassutsleppa i Vestland Fylkeskommune. Friluftsområde som er nær byar og tettstadar og som enkelt kan nåast utan bruk av bil eller båt prioriterast.

#### Folkehelse:

Statleg sikring av friluftsområde bidreg til at ei langsiktig og føreseieleg forvaltning av område for friluftsliv. Å sikre at befolkninga har tilgang til gode område for rekreasjon og friluftsliv, bidreg til ei meir aktiv befolkning og til betre folkehelse. For dei fleste vil det å ha tilgang til tilrettelagte friluftsområde i nærområda truleg føre til ein betre livskvalitet.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Friluftsliv er kanskje den mest utbreidde fritidsaktiviteten i Noreg, og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å legge til rette for at flest mogleg kan gå på tur og drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse.

Å ha tilgang til friluftslivsområde og gode turopplevelingar i nærområdet er for mange ein viktig kvalitet. Ein kommune som har eit godt friluftslivstilbod og ei aktiv forvaltning og vedlikehald av friluftslivets ferdselsårer vil for mange vere ein attraktiv bustadkommune.

#### Konklusjon

Fylkessirektøren oppmodar hovudutval for kultur, idrett og integrering å tilrå Miljødirektoratet å gje tilskot til statleg sikring og grunnleggande istandsetting av dei omsøkte områda jf. tabellen i saksframlegget.